



Torfinn Myklebust og komitens hans er no på jakt etter 212 bøssebærarar og av dei skal 12 gå rundt i Uskedalen 22. oktober. Dei skal dekkja heile bygda frå Fjellandsbø til Ljosnes og Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Søndag 22. oktober går den årlege TV-aksjonen til inntekt for eit godt føremål og leiar av aksjonen i Kvinnherad er uskedelingen Torfinn Myklebust. Han har fått Kjell Yri til å vera lokal rodeleiar og dei to oppmodar no 12 bøssebærarar til å melde seg og ofra to-tre timar av denne søndagen til beste for dei gløymde, humanitære krisene rundt om i verda.**

Dei interesserte kan melda seg til 97792408 eller 48893150 så snart som mogeleg.

-Uskedalingane er tradisjonelt flinke til å gje under innsamlingar og denne aksjonen må ikkje vera noko unnatak, seier Torfinn Myklebust til uskedalen.no. Det er formannskapet som kvart år peikar ut denne nemnda.

I TV-aksjonen i fjor kom Kvinnherad på 18.-plassen av dei 33 kommunane i Hordaland, med kr. 38,72 pr. innbyggjar. Eidfjord låg suverent på toppen med kr. 161,18, nesten tre gonger så mykje som den neste på lista, som var Jondal. Modalen låg på tredjeplassen.

Myklebust har fått ein god komite med seg. Anniken Kjeka frå Frivillighetssentralen står for det meste av organiseringa og dei andre medlemmene er Liv Sætre Eik, Linda Lillesletten, Sissel Aarseth og Oddvar Larsen. Den siste er kommunelege og har godt kjennskap til arbeidet som Nobelprisvinnaren "Leger utan grenser" driv. Larsen har arbeidd i ulike krigsområde – både i Bosnia, Kosovo og Afghanistan. Det er peika ut 30 rodeleiarar og dei har til oppgåve å finna til saman 212 bøssebærarar rundt om i Kvinnherad.

Arbeidet til "Leger Uten Grenser" går helst føre seg i land som har hatt krig, konflikter og kriser men som etter kvart har komme ut av media sitt søkeljos. Det kan til dømes vera Somalia, Kongo, Uganda, Sudan Haiti eller Elfenbenskysten. I desse landa, som er mellom dei fattigaste i verda, er det stor trong for medisinsk hjelp og innsats av leger. Dei har 400 medisinske prosjekter i 70 land over heile kloden.

Av Ola Matti Mathisen